

Globale, diakonale og misjonale merkedagar i 2026

Finn inspirasjon og ressursar til gudsteneste, kyrkjeleg undervisning og læring og lokale arrangement på ressursbanken.no/merkedager eller på nettsidene nedanfor.

Bruk gjerne baerekraftsboka.no gjennom året.

Ressursane er verktøy som kan realisere visjonen om kyrkja som **vedkjennande, open, tenande** og **misjonerande**. Ta med ressursarket i planlegginga til kyrkjelyden, vel og gjer slik det passar lokalt!

Fasteaksjonen til Kirkens Nødhjelp, Skaparverkets dag og fokus på misjon gjennom kyrkjelyden sin misjonsavtale og «Saman som kyrkje i heile verda»-aksjonen er særleg viktige.

Openberringstida (tida frå nyttår til faste)

Særleg fokus på misjon i forkynning, gudstenester og ulike arrangement. Styrking av misjonsengasjementet i kyrkjelyden. ressursbanken.no/smm

Berekräftsmål: 1, 4, 5, 7, 8, 11, 12, 13, 15, 16 og 17.

Økumenisk bønemateriell

Bøner for og frå land og kyrkjer i heile verda, nye kvar veke. Bøneveka for kristen eining blir vanlegvis markert den tredje veka i januar. Sjå <https://norgeskristnerad.no/ressurser/materiell-bonneuken-2026/>. Kvinnernes internasjonale bønedag vert feira første fredagen i mars. Sjå norgeskristnerad.no/kvinnernes-internasjonale-bonnedag

Samefolkets dag

6. februar kvart år, eller markering på næraste søndag. Ressursar finn de her: ressursbanken.no/samisk.

Fastetida

Kirkens Nødhjelp legg til rette for ei faste der diakonien kjem tydeleg til uttrykk i kyrkjelydane. Fasteaksjonen til Kirkens Nødhjelp blir primært markert frå søndag til tysdag før palmesøndag: fasteaksjonen.no

Berekräftsmål: 1, 2, 3, 4, 5, 6, 7, 8, 9, 10, 13, 16, 17.

Skaparverkets dag

Datoen er valfri, men kan knytast til FN's miljødag 5. juni, hausttakkefest eller diakonidagen.

ressursbanken.no/skaperverket

Berekräftsmål: Særleg mål nr. 13, ein føresetnad for alle mål; også 7, 12, 14, 15, 16, 17. osv.

Saman som kyrkje i heile verda

Frå Kristi himmelfart til jonsok kan kyrkjelyden synliggjere og styrkje kyrkjelyden sin misjonsavtale gjennom «Saman som kyrkje i heile verda»-aksjonen.

ressursbanken.no/sammen

Berekräftsmål: avheng av fokus for misjonsavtalen i kyrkjelyden

Internasjonal dag for offer som vert ramma av vold på grunn av religion eller livssyn

22. august. Sjå [FN-sambandet si side om dagen](#).

Berekräftsmål: 16, med verknad for alle andre.

Kyrkjeveka for fred i Israel og Palestina

Vanlegvis frå søndag til søndag i samband med FN's fredsdag 21. september. Global markering på initiativ frå Kirkenes verdensråd. kirkeukaforfred.no

Berekräftsmål: 16, 17, med verknad for alle andre.

TV-aksjonen

I 2026 går TV-aksjonen til Flyktninghjelpen. Det skjer i oktober. Sjå nrk.no/tvaksjonen

Berekräftsmål: 1, 2, 3, 4, 5, 6, 8, og 10.

Søndag for dei forfølgde

Andre søndagen i november (8. nov.) eller når det passar. Kan kombinerast med Global veke.

stefanus.no/for-menigheten/sondag-for-de-forfulgte

Berekräftsmål: 16 og 8, 10, 17.

Global veke mot moderne slaveri

8.–15. november 2026. Nasjonal tverrkyrkjeleg markering på initiativ frå Norges Kristne Råd. globaluke.no

Berekräftsmål: 8, 4, 5, 10, 16 og fleire andre.

Adventstid og jul

Her finn de Kirkens nødhjelp sine ressursar til kyrkjelydsblad og takkoffer julaften: kirkensnodhjelp.no/om-oss/for-kirkene/advent-og-jul



DEN NORSKE KYRKJA



KIRKENS NØDHJELP
actalliance



Norges Kristne Råd